



Sakspapir

Sakshandsamar:	Anne Hildegunn Færøy		
Arkivsaknr.:	23/207	Klassering:	FA-F11

Transporttilbod til og frå Aufera AS

Kommunedirektøren ber formannskapet drøfte og ta stilling til følgjande alternativ:

1. Austrheim kommune vil vidareføre ordninga med å tilby tilrettelagt transport for personar med varig tilrettelagt arbeid (VTA), som eit kommunalt servicetilbod etter vilkår gjeven i saksutgreiinga.
2. Austrheim kommune skal avslutte ordninga med å tilby tilrettelagt transport for personar med varig tilrettelagt arbeid (VTA) til og frå Aufera, finansiert av kommunen.

Dersom formannskapet sluttar seg til **alternativ 1**, ber kommunedirektøren formannskapet drøfte og ta stilling til fylgjande:

1. Om servicetilbodet skal vere søknadspliktig
2. Kva kriterier som skal leggjast til grunn for vurdering av søknad:
 - a. Søkjar har fått vedtak på varig tilrettelagt arbeid (VTA) frå NAV
 - b. Søkjar har inngått arbeidsavtale med Aufera AS, eller anna godkjent VTA-bedrift.
 - c. Søkjar kan ikkje nytta offentleg transport grunna;
 - i. Varig nedsett funksjonsnivå
 - ii. At offentleg transport /busstilbod medfører store ulemper og er dårleg tilpassa arbeidstida
3. Korleis tiltaket skal finansierast
 - i. Eigenbetaling for tenesta
 - ii. Budsjetjustering

Saksopplysningar:

Bakgrunn

KS – sak 086/19:

«Rådmannen får i oppdrag, i samarbeid med brukarane og Aufera, å organisere eit tilfredsstillande skysstilbod til våre arbeidstakarar på Aufera. I tillegg ber ein om ei vurdering av det generelle transportbehovet i kommunen».

Rådmannen hadde den gong lagt inn framlegg om at køyringa skulle avviklast i samband med budsjettprosessen.

KS – sak 006/23:

«Kommunestyret avviklar ordninga med at personar som har innvilga varig tilrettelagt arbeid ved Aufera får tilrettelagt transport til og frå arbeid på eit generelt grunnlag, slik det har vore tradisjon for dei siste åra. Ordninga skal opphøyre når anna løysing er godkjent av kommunestyret».

Opplysningar i saka:

- Austrheim kommune har sidan 2019 organisert køyring til og frå Aufera måndag, onsdag og fredag for 6 av arbeidstakarane ved Aufera AS, med varig tilrettelagt arbeid(VTA).
- Tysdag og torsdag nyttar nokre av dei same brukane offentleg transport/buss til og frå Aufera.
- Kommunen har organisert køyringa ved at tilsette i eining for Arbeid og inkludering og tidvis ved at tilsette i eining for Plan/bygg har køyrt kommunal bil til og frå Aufera.
- På dagar då det av ulike årsaker ikkje er mogeleg å nytta den kommunale bilen til transport, har kommunen tatt kostnadene med å nytte drosje til og frå Aufera.
- Bilen som vert nytta til køyring til og frå Aufera er kjøpt inn for å køyra personar med demenssjukdom til dagtilbod ved Dagsenteret. Uføresette situasjonar kan oppstå under transport. Dette har ført at bilen har kome for seint tilbake til Austrheim, slik at dei som skal nytta bilen til å hente brukarar til dagavdelinga må nytta privat bil til henteoppdrag.
- Tilbodet og organisering av køyringa er ikkje gjort på bakgrunn av ei vurdering om individuelt behov for tilpassa transport, men gitt som eit tilbod til alle som har VTA plass ved Aufera
- Ordninga har tidvis vore utfordrande for tilsette som opplever det som belastande å driva slik persontransport, særleg på vinterføre og det har ført til utfordringar med å ha nok personale i Vestlia til å gje tilbod til andre brukarar. Verneombod og tillitsvalde har meldt bekymringar knytt til ordninga som sak til AMU 27.10.2022 (sjå vedlegg)
- Sidan august 2023 har det vore krevjande å ha tilstrekkeleg med personale på arbeid i Arbeid og inkludering. Dette er knytt til auka sjukefråvær, endra hjelpebehov hos brukarar, samt uro blant dei tilsette med tanke på å måtte ha ansvar for persontransport som ein del av arbeidsoppgåvene i Arbeid og inkludering. Med bakgrunn i dette har kommunen inngått avtale med NH taxi for å ivareta transporttilbod 3 dagar i veka fram til anna ordning er på plass.

Vurdering

Med bakgrunn i KS-vedtak frå mars 2023 sette kommunedirektøren ned ei arbeidsgruppe, samansett av 1 representant utpeika av RMNF, 1 pårøranderepresentant, 2 tilsette i Arbeid og inkludering og kommunalsjef for helse og velferd, som fekk i oppdrag å:

- Utarbeide forslag til løysing som sikrar at brukarar med behov for tilrettelagt transport til og frå Aufera får ei tenleg transportordning til og frå arbeid, vurdert ut i frå den enkelte brukar sitt behov.
- Kartlegge og identifisere behov
- Utarbeide prinsipp for tildeling av transport som eit servicetilbod
- Vurdere ulike løysingar for transporttilbod med særleg fokus på;
 - Funksjonalitet

- Kostnader
- Gjennomføring
- Vurdere finansiering/-modell og praktisk gjennomføring
- Legge fram skisse til løysing til politisk handsaming

Gruppa har hatt fleire møte og ein har vurdert ulike, alternative løysingar slik det er vist i tabell 1.

Tilbakemeldinga frå brukarrepresentantar er at denne saka har blitt omfattande og vanskeleg med omsyn til regelverk og ansvar. Det er gjort greie for kostnadane ved dei ulike alternativa.

Brukar-/pårøranderepresentantane melder at:

«For oss som pårørande til denne gruppa er det svært viktig at dei vert tekne vare på og ikkje vert diskriminerte, og at kommunen brukar «ikkje lovpålagde tiltak» som grunngeving.

Denne gruppa HAR rettar og kommunen har plikt til å gi dei eit godt tilbod etter FN-konvensjonen (CRPD). Både Regjeringa og Helsedirektoratet har sagt at FN-konvensjonen skal inkorporerast i norsk lov, 2021.»

RMNF har drøfta saka og gitt klart uttrykk for at skysstilbodet til Aufera må vera slik at dei tilsette kan møta på arbeid til rett tid og vera der til arbeidsdagen er slutt. Arbeidsreisa må og vera «rimeleg» og utan lang ventetid mellom ulike bussruter.

Arbeidsgruppa har;

- Vore i kontakt med leiinga i Skyss for å høyra om det er mogeleg å vurdere å endre rutetilbodet mellom Austrheim/Mastrevik Torg og Manger. Det har ikkje lukkast arbeidsgruppa å få gjennomslag for dette. Gruppa har på nytt tatt kontakt med rådgjever i Skyss med spørsmål om å få bistand frå dei til å finna ei tilfredsstillande løysing, der denne brukargruppa kan nytta offentleg transport til og frå arbeid. Det har komme melding om at dei skal sjå på saka.
- Sett til andre kommunar for å få innspel og erfaringar om korleis dette kan løysast. Gruppa har mellom anna vurdert Askøy kommune si ordning med transport som eit servicetilbod, der personar med VTA plass kan søkja på transporttilbod etter fastsette kriterier.
- Vore i kontakt med leiar ved Aufera og drøfta om det er mogeleg å endra arbeidstider som er tilpassa busstilbodet. Tilbakemeldinga er at dette vil få uheldige konsekvensar for andre som dei samarbeide med og for oppdrag som skal utførast innafor fastsette tidsrom.
- Utarbeidd forslag til søknadsskjema og kriterier for vurdering av søknad om transporttilbod;
 - Søkjar har fått vedtak på varig tilrettelagt arbeid (VTA) frå NAV
 - Søkjar har inngått arbeidsavtale med Aufera AS, eller anna godkjent VTA-bedrift.
 - Søkjar kan ikkje nytta offentleg transport grunna;
 - Varig nedsett funksjonsnivå
 - At offentleg transport /busstilbod medfører store ulemper og er dårleg tilpassa arbeidstida

- Drøfta og er samde om at det kan innførast eigenbetaling for tenesta.
- Drøfta om ein kan få til ei ordning der frivillige kan ivareta transport til og frå Aufera nokre dagar i veka.
- Kartlagt kor mange brukarar som har behov for transport på ulike dagar
- Kartlagt ulike løysingar/tiltak for gjennomføring av transport, innhenta prisar og rekna på estimerte kostnader pr. år:

Tiltak	Alternativ løysing	Estimerte kostnader pr. år (5dg/veke)
Kommunen stiller med bil og sjåfør	Kjøpe bil (7 – 9 seter)	620 000, - + driftskostnader
	Lease bil (7 – 9 seter)	140 000/år (3 år) + driftskostnader
	Nytta kommunal bil tilhøyrande dagsenteret	Driftskostnader
	Kommunalt tilsett sjåfør 3 t pr dag = 40% stilling	240 000/år
Transportfirma/drosje	Avtale med transportfirma (anbod)	350 000/år
Kombinere rutebuss med transportfirma/drosje	<u>Buss</u> : Mastrevik - Marås/Marås - Mastrevik	Brukar tar kostnad 150 000/år
	<u>Transportbyrå</u> : Marås – Manger/Manger - Marås	
Offentleg transport/rutebuss	Alle som kan nytta offentleg transport følgjer rutebuss og tar kostnaden sjølv	Brukar tar kostnad

Kommunedirektøren si tilråding i saka:

Gitt den økonomiske situasjonen kommunen er i, utfordringar med å rekruttera og behalda fagfolk, samt stadige krav til å gjere prioriteringar når det gjeld det kommunale tenestetilbodet, vil kommunedirektøren tilrå at ordninga med tilbod om kommunal transportordning til personar som kan følgje offentleg transport til og frå arbeid skal opphøyra frå 01.01.2024.

Dersom formannskapet likevel tilrår at ordninga skal oppretthaldast, ber kommunedirektøren om at tilbodet skal vere søknadspliktig, tildelast ut i frå den enkelte brukar sitt behov og vurderast etter nokre fastsette prinsipp, slik det er vist til i saksutgreiinga.

Kommunedirektøren legg fram alternative løysingar og ber om at det vert teke stilling til dei ulike alternativa.

Saksparatar